



Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6868 - 21/71631

Saksbehandlar:
Atle Magne Strandos
atle.magne.strandos@alver.kommune.n
o

Dato:
08.11.2021

Løyve til etablering av privat avløpsledning - gbnr 312/18 Tveit
nedre

**Administrativt
vedtak:**

Saknr: 1152/21

Tiltakshavar:

Marit Norunn Veland Thorsen

Ansvarleg søkjar:

Stendal Vvs AS

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK

Det vert gjeve løyve for bygging av privat avløpsledning fram til tilkoplingspunkt for kommunal avløpsledning, og på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 22.06.21 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Privat avløpsledning skal knytast til kommunalt kloakkanlegg. Påkoplinga kan ikkje gjennomførast før det føreligg løyve til påkopling, og må utførast i samsvar med godkjenning og gjeldande krav.**

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad tiltak for bygging av privat avløpsledning frå bustad og fram til kommunal avløpsledning.

Det vert elles vist til søknad motteken og supplert 24.06.21.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Privat avløpsledning skal gå over naboeigedom. Det føreligg tinglyst avtale mellom partane og som viser plassering i samsvar med omsøkte tiltak. Ingen andre nabointeresser er berørt.

Privatrettslege tilhøve

Som del av mottatt dokumentasjon fylgjer kopi av tinglyst avtale mellom tiltakshavar og eigar av naboeigedomane gbnr. 312/3 og 312/5.

VURDERING

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. I tillegg gjeld ansvar som det enkelte foretak har som fylgje av erklært ansvarsrett. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/6868

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Atle Magne Strandos
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart

Mottakarar:

Marit Norunn Veland Thorsen	Melandsvegen 5919	FREKHAUG
	122	
Stendal Vvs AS	Blombakken 1 5911	ALVERSUND